



# Tanum menighetsråd

## REFERAT

<b>Møtestad:</b>	<b>Blårømmet på Tunheim</b>
<b>Møtedato:</b>	<b>17.01.2018</b>
<b>Tid:</b>	<b>18.15-21.10</b>
<b>Deltakarar:</b>	<b>Kjell Nilsen, Ragni Haga, Elisabet E. Romøren, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid, Arne H Hansen Forfall: Greta Karin Wibe Svendsen, Olin Ambjørnsen</b>
<b>SAKLISTE NR:</b>	<b>1/2018</b>

Innkallinga godkjent og møtet sett med ny Sak 10/18 UTLÅN AV TANUM KYRKJE og 5 nye punkt under Sak 11/18 ORIENTERINGAR.

**SAK 01/18**                    **GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 13.12.2017, sakliste 12/17 Vedtak: Referatet einstemmig godkjent**

Underskrifter protokollen: Ragni Haga og Elisabet Romøren

**SAK 02/18**                    **ÅRSMELDINGA TRUSOPPLÆRING 0-12 ÅR.**

Trusopplærer Birgitte Bugaard Ørnes orienterte om årsmeldinga 2017 og vi samtalte om menighetens barnearbeid.

**SAK 03/18**                    **BEHANDLING/GODKJENNING AV ÅRSMELDINGA 0-12 ÅR**

**Vedtak: Tanum menighetsråd har gjennomgått årsmeldinga frå trusopplærer Birgitte Bugaard Ørnes. Menighetsrådet gjekk i sak 38/17 gjennom den godkjende planen frå 2012 med dei justeringane og endringane trusopplærer og menighetsråd i fellesskap hadde kome fram til. Menighetsrådet vil igjen understreke det gode og nære samarbeidet med trusopplærer og stiller seg bak innhaldet i årsmeldinga for 2017. Menighetsrådet vil understreke den viktige balansen mellom kontinuerleg arbeid, breiddetiltak, arbeidet på Ra, leiarsamlingane og gudstenestene trusopplærer deltek i.**

**SAK 04/18**                    **MANDAT FOR DIAKONIUTVALET**

Jamfør sak 83/17 og brevet frå Diakoniutvalet datert 16.10.2017.

**Vedtak: Tanum menighetsråd inviterar medlemene i diakoniutvalet 2017 til møtet vårt 14. februar for å samtale om erfaringar utvalet har gjort og tankar om vegen vidare.**

**SAK 05/18****MANDAT FOR GUDSTENESTEUTVALET**

Asle Zimmermann orienterte om det tidlegare arbeidet i gudstenesteutvalet frå 2011 og framover, der utvalet mellom anna arbeidde fram forslag til bøner i gudstenesta og grunnordning for dei ulike gudstenestene.

**Vedtak: Gudstenesteutvalet arbeider på mandat frå menighetsrådet som før.**

**SAK 06/18****ØKONOMISK STØNAD TIL TUNHEIM TENSING**

Jamfør sak 92/17 punkt 4.

Forespørsel frå Gunnar Monsen om økonomisk stønad til Tunheim tensing.

**Vedtak: Vi løyver kr 3000 frå den testamentariske gåva.**

**SAK 07/18****PROSESSEN MED RYDDING AV DOKUMENTA I TANUM PRESTEGARD.** Jamfør sakene 43/17, 50/17, 73/17 og 82/17

Medlemene i rådet bør merke seg at det er menighetsrådets ansvar å ta stilling til kva som skal gjerast med dei askane som er merkte med nummera 19-23 og 29A som no er lagra i tårnet på Tanum kyrkje.

**Vedtak: Tanum menighetsråd melder behovet for eit felles lager som sak til felles arbeidsutval (AU) med Berg og Kjose.**

**SAK 08/18****BUDSJETT 2018, SÅMANNEN.**

Orientering ved kasserar Elisabet Romøren

**Vedtak: Menighetsrådet pålegg eige AU å så snart som mogeleg ta opp saka på felles AU med Berg og Kjose.**

**SAK 09/18****DATO FOR ÅRSMØTET. ÅRSMELDING.**

**Vedtak: Sondag 4. mars etter gudstenesta.**

**Utkast til årsmelding behandlast i møtet 14.02.**

**SAK 10/18****SØKNAD FRÅ TANUM BYGDEKVINNELAG OM UTLÅN AV TANUM KYRKJE**

Tanum bygdekvinnelag søker om å få låne Tanum kyrkje ein halv time i samband med opninga av årsmøtet i Vestfold bygdekvinnelag laurdag 10. mars kl 09.

**Vedtak: Tanum menighetsråd er positive til søknaden frå Tanum bygdekvinnelag om utlån av kyrkja den 10.03.2018. Vi ynskjer bygdekvinnelaget lykke til med årsmøtet!**

**SAK 11/18****ORIENTERINGSSAKER**

1. Orientering om framdrift i orgelsaka.
2. Rapportering pilgrim 2017 til Tunsberg bispedømeråd.
3. Fasteaksjonen 2018, 18.-20. mars. **Onsdag 21. mars i Tanum.**
4. Forespørsel om kollekt til Kirkens Bymisjon under TV-aksjonen 21.10.2018.
5. Tanum menighet har ansvar for tenesta i Sportskapellet søndag 18. mars 2018.
6. Søndag 29.04.2018 kl 18.00 blir det avskjedgudsteneste for sokneprest Audun Haga i Berg kyrkje.

**SAK 12/18****EVENTUELT**

Ingen saker.